Lærdal kommune

Delrapport Landskap

Utgåve: R02
Dato: 2016-09-12

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgjevar:	Lærdal kommune
Rapportnamn:	Delrapport Landskap
Utgåve/dato:	R01 / 2016-08-25 R02 /2016-09-12
Arkivreferanse:	-
Oppdrag:	603063-02 – Konsekvensutgreiing av reguleringsplan for Håbakken Næringspark-delrapport landskap
Oppdragsskildring:	
Oppdragsleiar:	Karl Erik Johnsen
Fag:	Konsekvensutgreiing
Tema	Landskap
Leveranse:	Rapport
Skriven av:	Hilde Ruud
Kvalitetskontroll:	Guro Steine
Asplan Viak AS	www.asplanviak.no

FØREORD

I samband med konsekvensutgreiinga av reguleringsplan for Håbakken Næringspark har Asplan Viak vore engasjert av Lærdal kommune for å utarbeide deltemautgreiingar for verknadstema landskap, naturmangfald, forureining med vekt på støy, kapasitet i kryssa mellom området og E16 samt vurdering av flaumfare og ev. konsekvensar at tiltak for areal utanfor planområdet. Denne deltemarapport omfattar temaet **landskap**. Johannes Henrik Myrmel har vore Lærdal kommune sin kontaktperson for oppdraget.

Hilde Ruud har hatt hovudansvaret for utarbeiding av denne rapporten, Guro Steine har vore kvalitetssikrar og drøftingspart undervegs.

Karl Erik Johnsen har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Leikanger, 25.08.2016

Hilde Ruud
Landskapsfagleg utgreiar

Guro Steine
Kvalitetssikrar

INNHALDSLISTE

Samandrag **5**

1 Innleiing **6**

1.1 Bakgrunn 6

1.2 Planområdet 6

1.3 Mål for prosjektet 6

1.4 Tiltaksskildring og utviklingskonsept 7

2 Metode **9**

3 Landskapsbiletet **10**

3.1 Overordna landskapstrekk 10

3.2 Planområdet: 0-alternativet, foto og illustrasjonar frå området 13

3.3 Verdivurdering 17

3.4 Omfang- og konsekvensskildring 18

4 Uvisse og avbøtande tiltak **19**

4.1 Uvisse 19

4.2 Avbøtande tiltak og kompenserande tiltak 19

5 Kjelder **21**

5.1 Litteratur 21

5.2 Foto, kart og figurar 21

SAMANDRAG

På oppdrag frå Lærdal kommune er det vurdert konsekvensar av planframlegg for utvikling av næringsområda på Håbakken. Konsekvensvurderingane er gjort etter metodikk i SVV si handbok V712, og på bakgrunn av framlegg til plankart, føresegner og moglegheitsstudiet som desse er utarbeidd på bakgrunn av.

Håbakken ligg i eit landskapsrom som er vurdert å ha middels til stor verdi. Delområde 1-3 gjev samla middels positiv konsekvens. For dei delane av områda som i dag er mest omarbeidd, vil den positive konsekvensen vere noko høgare. For delområde 4 gjev tiltaket liten til middels negativ konsekvens.

Planframlegga skildrar oppfylling av terreng som i nokon grad kan gå ut over viktige landskapstrekk langs Lærdalselvi. Vi har skissert avbøtande tiltak og tiltak som kan redusere dei negative verknadene, desse kan med fordel innarbeidast i plan og føresegner før endeleg vedtak. Dei viktigaste avbøtande tiltaka er terrengforming og revegetering mellom næringsområda og omgjevnadene, og at det vert sett av tilstrekkeleg plass til terrengtiltak innafor byggjeområda og ikkje i grøntareal og område avsett til vegetasjonsskjerm langs Lærdalselvi.

1 INNLEIING

Planområdet som vert konsekvensutgreidd er delt i to reguleringsplanar; Håbakken del I og Håbakken del II. Omtala av planarbeidet i innleiinga (kap. 1.1, 1.2, 1.3 og 1.4) er i hovudsak henta frå *Planprogram – reguleringsplan for Håbakken Næringspark*, dagsett 10.3.2016.

Nemninga av dei ulike delområda i utgreiinga er endra og tilpassa illustrasjonane i figur 1 og 2. Delområde 1, 2a, 2b og 3 er lokalisert innanfor reguleringsplan Håbakken del I, medan delområde 4 er lokalisert innanfor reguleringsplan Håbakken del II.

Kotehøgde som tilfredsstiller krava til flaumtryggleik er ein viktig føresetnad for planarbeidet, og er omtala i teksten. Kotehøgder for flaumtryggleik er utarbeidd av Asplan Viak og nærare omtalt i 'Flom- og vannlinjeberegning, Håbakken næringspark,' desse kotehøgdene er lagt til grunn for oppfylling i denne temarapporten.

1.1 Bakgrunn

Kommunen har starta planarbeidet på Håbakken. Arbeidet er ein del av omstillingsarbeidet i kommunen. Området er peikt ut som eit hovudutviklingsareal for arealkrevjande næringsverksemder med god tilgjenge til sambandet både aust-vest og nord-sør.

Området skal vere med å vidareutvikle Lærdal som samferdsleknutepunkt, forsterke Håbakken som næringslokalitet, legge til rette for nye arbeidsplassar og vere eit supplement til næringslivet på Lærdalsøyri.

Plan- og utgreiingsarbeidet er tredelt, der;

- det vert utarbeidd ei plan for areala som er tidlegare regulert, samt
- utviding for regulering av alt. areal sett av til næringsformål i overordna plan aust for E16
- regulering av eksisterande pelsdyrfarm til næring

Planområdet er strategisk lokalisert både i eit lokalt, regionalt og nasjonalt perspektiv. Håbakken skal vidareutviklast som eit knutepunkt mellom aust-vest og nord-sør. Både Oslo, Bergen og Ålesund ligg innanfor ein avstand på 200-300 kilometer. Lokaliseringa og den planlagde utviklinga skal vere med å gjere området til ein naturleg stoppestad for både tungtransport og persontrafikk.

1.2 Planområdet

Håbakken er lokalisert 5 km søraust for kommunesenteret Lærdalsøyri ved rundkøyringa der Rv 5 møter E16. Planområdet grensar i vest mot E16 og Rv5, medan det mot nord og sør grensar mot landbruksareal, i aust grensar planområdet mot Lærdalselvi. Planområdet er samla på vel 215 daa. Utbyggingsområdet utgjer 117 daa. Det 'nye' utbyggingsområdet utgjer 56 daa, som fordelar seg med 17 daa i del I og 44 daa i del II. Reguleringsplan Håbakken del II er kommuneplanavklart, men ikkje regulert.

1.3 Mål for prosjektet

Målsettinga med planarbeidet er todelt. Den sør-austre delen av planområdet skal re-planleggast, sjå delområde 1, 2a/b og 3 i figur under kap. 1.4. Gjennom re-planlegginga skal det leggast til rette for ulike former for små og mellomstore verksemder innafor forretningsområda handels-, lager-, logistikk- og industriverksemder. På den nord-vestre delen, delområde 4, skal det etablerast fleksible rammer som både opnar for alt frå lager-, logistikk og industriverksemder til større areal og transportkrevjande verksemd.

Kommunen skal som ein del av arbeidet utvikle ein utbyggingspolitikk som gjer vidare utvikling føreseieleg og klargjer kva etablerarar både kan forvente av kommunen og krav kommunen stiller til dei som skal inn i området. Formålet er at området skal framstå som attraktiv for utviklarar samtidig som det er velfungerande når delområde er ferdig utvikla.

1.3.1 Krav for utgreiing av temaet landskap/landskapsbilete gitt i planprogrammet

Både utviklinga av næringsområdet, veganlegg og utbygging av eksisterande og nytt næringsområde vil ha verknad på landskap og landskapsbiletet. Fokus for utgreiing av deltema landskap skal vere vurdering av tiltaket sine dimensjonar, og kor godt tiltaket si formgjeving er tilpassa område og kulturlandskapet.

I følgje planprogrammet er det ikkje definert eit 0-alternativ, dvs. eit samanlikningsalternativ. Konsekvensane skal vurderast med utgangspunkt i dagens situasjon.

1.4 Tiltaksskildring og utviklingskonsept

Næringsparken på Håbakken er tenkt utvikla med hovudvekt på sal, lager, logistikk og industri. Samla vert det teke sikte på å utvikle eit bygd areal på mellom 100 000 m^2 og 140 000 m^2 medrekna parkering. Fullt utvikla vil det kunne vere fleire hundre tilsette ved Næringsparken.

Det ligg ikkje føre noko konkret utviklingskonsept for planarbeidet. Dette vil bli utvikla som ein del av planarbeidet. Men det er utvikla ei idéskisse som reguleringsplanen er basert på, sjå idéskisse på neste side. For lettare å omtale planen og sjå på konsekvensar, er planområdet delt inn i delområde 1-4. Reguleringsplan med same inndeling (delområde 1-4), er også vist på neste side (her er reguleringsplan for Håbakken del I og II lagt i same illustrasjon).

Høgdeskilnaden i området er stor. Bruk av delar av arealet krev oppfylling. Området vil få ei inndeling slik at utviklinga kan skje i fasar /delområde. Samtidig skal planframlegget vere fleksibelt slik at utvikling i dei ulike områda kan skje uavhengig av kvarandre.

Gjennom planarbeidet vil det ikkje verte lagt til rette for etablering av nye tilkomstar frå E16. Det er lagt til grunn at dei to eksisterande tilkomstane kan vidareførast, men med ei utforming som tilfredsstiller krava i vegnormalane. Ut frå desse tilkomstane vil det verte etablert samleveg og tilkomst frå samleveg til dei einskilde utbyggingsområda. Samla vil desse binde saman og opne opp områda slik at godt tilgjenge vert trygga.

I delområde 1 ligg tilkomsten til Håbakken, her er eksisterande busshaldeplass, kafé /restaurant og parkeringsareal. Kjerringgjelet med tilhøyrande grøntstruktur ligg også innanfor delområde 1. For delområde 1 legg reguleringsplanen opp til om lag same struktur som i dag. Næring som kan etablerast er bensinstasjon/vegserviceanlegg, kontor og bevertning.

Delområde 2 er i hovudsak fylt opp til nivå som fell jamt langs E16 og mot Lærdalselvi, unntak er området innanfor 2b med skravur fluamfare, som ligg på eit lågare nivå. Innanfor delområde 2a legg reguleringsplanen opp til etablering av lokalveg, nærings-, salsareal og bevertning. Det er føresett at dei mest publikumsretta næringsverksemdene vert lagt i dette området, med aktiv fasade mot samlevegen som skal gå parallelt med E16. Det vert ikkje lagt opp til at ein kan etabler detaljhandel innanfor området. Området skal ha eit visuelt inntrykk som markerar området sin funksjon. Innanfor delområde 2b er det lagt til rette for bevertning, produksjonsareal, lager og logistikk.

Delområde 3 ligg på eit nivå lågare enn størstedelen av delområde 2. Det har over tid pågått deponering av massar i området. Formålet er å heve området til minste nivå som tilfredsstiller krava til flaumtryggleik. Flaumvurdering viser at området 3 må ligge på mellom kote + 27.0 og +30,5 moh. Innanfor området 3 legg planframlegget opp til lager, logistikk og transportbaserte verksemder. Besøksintensiteten er tenkt å vera vesentleg lågare her enn i delområde 2. Delområdet omfattar revegarden.

Delområde 4 er tidlegare ikkje regulert, men er kommuneplanavklart og avsett til næring i kommuneplanen. Området er i framlegg til reguleringsplan gjeven ei fleksibel regulering som skal opne for både lager-, logistikk og industriverksemder til større areal og transportkrevjande verksemder. Området er føresett heva til minste nivå som tilfredsstiller krava til flaumtryggleik. Flaumvurdering viser at området må ligge på kote +25,5 moh.

Figur 1: Idéskisse til venstre som viser planområdet med inndeling i delområder, skisse er utarbeidd av CUBUS (moglegheitstudie Håbakken).

Figur 2: Under vises reguleringsplan for Håbakken del I og del II. Plan bygger på idéskisse (CUBUS). Plan utarbeidd av Lærdal kommune.



2 METODE

Deltema landskapsbilete er utarbeidd i samsvar med metode for konsekvensutgreiing i Statens vegvesen si handbok V712: Konsekvensanalyser, kapittel 6.3 'Landskapsbilete.' Konsekvensane av landskapsbiletet vert vurdert ved ein systematisk gjennomgang av:

- **Verdi:** med verdi meiner ein ei vurdering av kor verdifullt eit område eller miljø er
- **Omfang:** med omfang meiner ein ei vurdering av kor og i kva grad eit område vert påverka.
- **Konsekvens:** med konsekvens meiner ein fordelar og ulemper eit definert tiltak vil medføre i høve til alternativ 0. Konsekvens kjem fram ved samanstilling av området sin verdi og omfanget av påverknad på området.

Utgreiingsområdet er det området som primært skal utgreiast, der det skal gjerast vurderingar og tilrådingar. I denne analysen er det planområdet som er det konkrete utgreiingsområdet. I tillegg er det naudsynt å utgreie det landskapet som ligg ikring sjølve planområdet. Dette vert omtala som influensområdet. I denne analysen er det som er omtala som landskapsrommet Håbakken ligg i samanfallande med influensområdet.

Verdi vert sett i samsvar med tabell i handbok V712 som listar opp kriteria for verdsetting av landskapsbiletet, sjå tabell under.

	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Naturområder og naturpregete områder	- Områder med reduserte visuelle kvaliteter	- Områder med visuelle kvaliteter som er typiske/representative for landskapet i et større omrade/region - Områder med vanlig gode visuelle kvaliteter	- Områder med spesielt gode visuelle kvaliteter, som er uvanlige i et større område/region - Omrader der landskapet er unikt i nasjonal sammenheng, herunder landskapsvernområder
Spredtbebygde områder	- Områder med reduserte visuelle kvaliteter - Områder hvor landskap og bebyggelse/anlegg til sammen gir et mindre godt totalinntrykk	- Områder med visuelle kvaliteter som er typiske/representative for landskapet i et større område/region - Landskap og bebyggelse/ anlegg med vanlig gode visuelle kvaliteter	- Områder med spesielt gode visuelle kvaliteter, som er uvanlige i et større område/region - Områder hvor landskap og bebyggelse/anlegg til sammen gir et spesielt godt eller unikt totalinntrykk
Tettbygde og urbane områder	- Områder som bryter med byformen og utgjør et mindre godt totalinntrykk - Områder som har reduserte eller dårlige visuelle kvaliteter eller utgjør et mindre godt totalinntrykk	- Områder med vanlig gode visuelle kvaliteter - Områder som er tilpasset byformen og gir et vanlig godt totalinntrykk	- Områder som forsterker byformen og utgjør et spesielt godt totalinntrykk - Områder som har spesielt gode visuelle kvaliteter eller utgjør et spesielt godt totalinntrykk

Figur 3: Kriteria for verdisetting av landskapsbiletet. Handbok V712.

Konsekvensen blir uttrykt i ein nidelt skala:



++++	Svært stor positiv konsekvens
+++	Stor positiv konsekvens
++	Middels positiv konsekvens
+	Liten positiv konsekvens
0	Ubetydeleg konsekvens
-	Liten negativ konsekvens
--	Middels negativ konsekvens
---	Stor negativ konsekvens
----	Svært stor negativ konsekvens

Figur 4: Konsekvensvifte, her finn ein konsekvensgrad ved samanstilling av verdi og omfang. Handbok V712.

Til slutt skal det gjerast greie for uvisse knytt til plan og utgreiing som kan ha innverknad på avgjerd i plansaka, og for forslag til avbøtande tiltak som kan redusere dei negative verknadane.

Vi har elles samla inn data ved synfaring i felt, nytta tilsendt materiale frå kommunen og søk i digitale og skriftlege kjelder for å tilføre utgreiinga naudsynte fakta.

3 LANDSKAPSBILETET

Temaet landskapsbilete handlar om estetiske verdiar i landskapet og menneska sin visuelle oppleving av omgjevnadane, og om korleis dei visuelle aspekta ved omgjevnadane vert endra som følgje av eit tiltak.

I 2001 vedtok Noreg iverksetjinga av Den europeiske landskapskonvensjonen (Miljøverndepartementet 2009). Føremålet med landskapskonvensjonen er å fremje vern av landskap gjennom forvaltning og planlegging. Landskap blir i konvensjonen definert som leveområdet for oss menneske, *'et område, slik folk oppfatter det, viss særpreg er et resultat av påvirkning fra og samspillet mellom naturlige og /eller menneskelige faktorer.*'

3.1 Overordna landskapstrekk

Omtala under gjer greie for landskapet sett i høve til regionen og den overordna hovudstrukturen i landskapet (landskapsrommet) som Håbakken ligg i.

Landskapsregion (teksten nedanfor er i hovudsak henta frå planprogrammet utarbeidd av Lærdal kommune, med noko tilleggstekst kring lausmassar):

Utgreiingsområdet må sjåast som ein del av ein regional samanheng. Norsk Institutt for Jord- og Skogkartlegging (NIJOS), no Skog og Landskap, har gjort ei inndeling av Noreg i

landskapsregionar (NIJOS-rapport 10/2005). Denne delen av Lærdal kommune høyrer til region 23 – Indre bygder på vestlandet, som er samansett av 21 underregionar.

Indre bygder på Vestlandet dekkjer det meste av fjordlandskapet. Eit kjenneteikn er markerte nedskorne U-dalar som strekkjer seg djupt inn i landskapet og er omgjevne av høge fjell. Dei kringliggande fjellområda utgjer silhuettavgrensingar rundt dal/fjordtrauet. Lange fjordflater dannar golv i dei djuptskorne landskapsromma. Lærdalsdalen er karakteristisk for det som kjenneteiknar landskapsregionen.

Landskapsrommet Håbakken er definert og skildra som ei visuelt avgrensa eining i Konsekvensutgreiing E16 Tønjum – Ljøsne. Vi finn det naturleg å avgrense influensområdet for tiltaka på Håbakken til dette landskapsrommet, sjå nærare skildring under (tekst i hovudsak henta frå Konsekvensutgreiing E16 Tønjum – Ljøsne).

Landskapsrommet Håbakken ligg i er eit dalrom med søraustleg retning. Dalrommet har flat dalbotn omgitt av steile fjellveggar, sjå utsnitt frå NGU sitt lausmassekart under. Lærdalselvi svingar seg roleg gjennom jordbrukslandskapet i midten av dalen. Etter kvart som landhevinga gjorde seg gjeldande i Noreg etter siste istid, har elva greve seg nedover i dei djupe lausmassane i daltbotnen. Området er nokså flatt, og elva renn sakte. Det er fleire øyer og sandbankar i og langsetter elva danna av fine lausmassar som elva har lagt att.

Figur 5: Illustrasjon over viser inndeling i rom gjort i landskapsanalysa for E16 Tønjum - Ljøsne. Håbakken ligg innanfor landskapsrommet ved Tønjum. Håbakken er lokalisert med blå runding.

Øvre det av dalrommet som Håbakken ligg i smalnar noko inn, her ligg elva inntil fjellfoten på nordsida og understrekar det tronge dalrommet. Langsetter fjellfoten, på begge sider av dalen, ligg det større og mindre rasurer. Rasurene ligg nokre stader som grå og karrige vitne om korleis naturkreftene har forma dalen. Andre stader der rasurene inneheld finare massar, veks det vegetasjon i punkt og rekkjer oppetter steinurene.



Figur 6: NGU sitt lausmassekart, geo.ngu.no Blå stipla sirkel viser lokalisering av næringsparken, Håbakken.

Lausmasseførekomstar er viktige landskapselement, og er eit resultat av dei prosessane som har vore med å forma og framleis formar landskapet. I dalbotnen er det tjukke lag med elveavsettingar. Lausmasseterrassar er ikkje tydleg på lausmassekartet for dette området slik det er lenger opp i dalen, men landskapsrommet har også her spor etter terrassar og ulike nivå på dalbotnen.

Dalsidene er stort sett kledd med lauvskog av bjørk, som nokre stader ligg heilt ned til og inn i dalbotnen. Fleire stader finn ein belte og felt med bjørk langs elva. Vegetasjonen i dalbotnen er i stor grad kulturpåverka. Dei samanhengande lauvskogområda er ofte nytta til beite. Vegetasjonsfelta med bjørk viser seg difor som opne bjørkehagar med tett grasbotn. Den flate dalbotnen er prega av intensivt jordbruk på store flater. Dyrka mark dekker store delar av dalbotnen. Grønsaksdyrking og rekkjer av bærbuskar og frukttre gir struktur og mønster til åkerflatene.

Det går fleire trafikkerte vegar gjennom området, tidvis ligg dei parallelt og med godt utsyn til kvarandre. Hovudvegen ligg på sørsida av elva fram til Voll bru, her kryssar den elva og fortsett på nordsida av elva. Vegen ligg for det meste i eit ope landskap med god utsikt til dei intense omgjevnadane. Dette er ein kontrast til der dalen smalnar inn lenger oppe, og vegen ligg klemt mellom steile fjellveggar og elva. Denne kontrasten og variasjonen framhevar dei karakteristiske trekka ved dalen, med jordbruk i ein mektig natur. Veglinja framstår som underordna landskapet der den snirklar seg mellom gardstun og åkrar.

Busetnaden i delområdet er for det meste gardstun som ligg enkeltvis eller som rekkjer langsetter vegen på sørsida av elva. Rundt kyrkja på Tønjum dannar fleire bustadhus og gardstun, av ulik alder, eit lite sentrumsmiljø.

Dalbotnen i landskapsrommet er prega av Næringsparken som er under utvikling samt det tilgrensande jordbrukslandskapet som er intensivt drive på store opne flater.

I området er det fleire trafikkerte vegar som er godt synleg i landskapet. Frå vegane er det godt utsyn til dei tilgrensande områda.

Arealbruken i vedtekne planar vil føre til at landskapet vert endra. Ny plan vil påverke landskapsbiletet i landskapsrommet.

3.2 Planområdet: 0-alternativet, foto og illustrasjonar frå området

Dei nye reguleringsplanane vert vurdert opp mot dagens situasjon. Utviklingskonsept utarbeidd av CUBUS har vore grunnlag for ny reguleringsplan.

Revefarmen (nordvest i delområde 3) ligg i dag på kote + 24 /+25 moh, terrenget innanfor delområdet 3 ligg elles på mellom kote +26 moh og kote +33 moh. Delområde 4 ligg om lag på kote +23 moh.

Under viser vi nokre foto og illustrasjonar over området.



Figur 7: Skråfoto frå kommunekart.com viser planområdet slik det ser ut i dag.



Figur 8: Gjeldande reguleringsplanar for området, sett saman som illustrasjon. Lærdal kommune /Sognekart.no

Figur 9: Foto viser mellom anna eksisterande E16 og Schenker.



Figur 10: Foto viser trafikkstasjonen (Statens vegvesen) og Kjøtt Makeren like ved.

Figur 11: Foto over til venstre viser skråning frå trafikkstasjonen og ned mot flata som er definert som delområde 3. Foto til høgre viser flata med tilfeldig oppfylling, delområde 3.

Figur 12: Foto over viser del av kafe /restaurant og skråning ned mot delområde 4.

Figur 13: Foto viser området ved revefarmen.

Figur 14: Foto viser område lengst mot E16 på delområde 4. Bilverkstad i bakkant.

Figur 15: Foto viser delområde 4, i biletet til høgre ser vi vegetasjon langs bekk på landbruksarealet.

3.3 Verdivurdering

Landskapsrommet er heilskapleg og inneheld landskapstrekk som er karakteristiske både for dalen og regionen. Det djupe, trauforma landskapsrommet er tydeleg og geologiske prosessar er lett attkjennande. Heilskap og samanheng er eit kjenneteikn for dalen, samstundes som variasjon mellom det naturgitte og det kulturgitte skapar kontrastar og framhevar kvarandre. Området er halde godt i hevd og står fram som eit einskapleg jordbruksområde i ei ramme av vill natur. Ved Håbakken og ved Voll bru er det industri som skil seg ifrå det grøne jordbrukslandskapet, og bryt i nokon grad opp opplevinga av det heilskaplege jordbruksuttrykket i området.

Området har visuelle kvalitetar som er typiske for landskapet i regionen. Heilskap, tilstand og hevd gjer at området vert vurdert til å ha middels til stor verdi for landskapsbilete. Omtala av landskapsrommet over er henta frå KU-rapporten 'landskapsanalysen for E16 Tønjum – Ljøsne' og det overordna landskapsrommet har i rapporten fått middels til stor verdi.



Figur 16: Illustrasjonen over viser inndeling i rom gjort i landskapsanalysen for E16 Tønjum - Ljøsne. Håbakken ligg innanfor landskapsrommet ved Tønjum. Håbakken er lokalisert med blå runding.

Konkret for planområdet har delområde 4 verdi som gjennomsnittet i landskapsrommet, dvs. middels til stor, medan delområda 1-3 trekker verdien ned med industri, store asfalterte flater og tilfeldige utfyllingar innanfor delområde 3, verdien her er vurdert til liten til middels verdi.

Den samla verdien innanfor planområdet er vurdert til å ha **middels verdi**.



3.4 Omfang- og konsekvensskildring

For vurdering av omfang og konsekvens er det føremålstenleg å sjå på delområda kvar for seg.

3.4.1 Verknader

Veglinja for E16 vil stort sett fylgje eksisterande trase, men vert flytta om lag ei halv vegbane mot nord i sørvestre del av planområdet. Auka standard vil gjera vegen litt meir synleg i landskapet enn dagens veg. E16 vil bli svært lik dagen situasjon. Omlegging av E16 inn mot næringsarealet vil verke positivt for kulturlandskapet på sørsida av E16 som er ein del av influensområdet.

For delområde 1 legg ny plan opp til om lag same arealbruk som i dag med busshaldeplass og kafé/bevertning samt parkeringsplassar. Planen legg i tillegg opp til moglegheit for etablering av bensinstasjon /vegserviceanlegg. Kjerringjel er regulert til vassdragsføremål og skal haldast ope, men kanalisering er lov i samsvar med det som er vist i plan. Elvebreddene er regulert til friområde der det kan leggjast til rette for rekreasjon etter samla plan for grønt. Det er her viktig at grøntplanen ikkje legg opp til aktivitet som kan slite på terreng og vegetasjon, særleg i dei sidebratte områda langs elva.

Bygningar, veg og plassar innanfor delområde 2 vert tilpassa publikum med lokalveg/samleveg og publikumsretta næringsverksemder med aktiv fasade mot lokalveg. I høve til dagens situasjon vil tiltaket ha positivt omfang, såframt krava i føresegnene vert følgt opp.

I delområde 3 vil bygg ligge skjerma frå vegen og lågare i terrenget enn verksemdene langs lokalvegen. Området vert heva i høve til opphaveleg situasjon for å oppnå flaumsikkert utbyggingsareal. Området er i dag sporadisk fylt ut med steinmassar. I høve til dagens situasjon vert området rydda og får ein høgare kvalitet på utforming, såframt krava i føresegnene vert følgt opp. Naudsynt fylling mot omgjevnadane stiller krav til god terrengforming og replanting for å unngå monotone og høge fyllingar. Føresegner for vegetasjonsskjerm GV1 og GV2 seier at det ikkje kan skje utfylling i denne sona dersom det er i strid med omsynssone naturmiljø. Oppfylling må skje utanfor omsynssona. Fylling bør i hovudsak leggjast som ein del av næringsarealet. Det vil vere uheldig om skråning og vegetasjonsskjerm vert erstatta med mur for å behalde mest mogleg næringsareal.

Samla for dei utbygde områda innanfor delområdet 1, 2 og 3 vil ein totalt sett få ei verdiheving dersom det vert bygd ut i samsvar med intensjonane i planen, då områda er sterkt berørt frå før. God materialbruk og gode kvalitetar i gjennomføring, også for elvesona, vil vera avgjerande for eit godt resultat.

Delområde 4 er i dag i hovudsak ubygd, men kommuneplanavklart i høve endra arealbruk. Jordbruksmarka er godt driven. Reguleringsplanen opnar for utbygging med oppfylling av terrenget tilpassa store bygg, industri og liknande, og med møne opp mot 20 meter. Det er ikkje gitt terrenghøgder i planen, slik at byggjehøgder med det vert lite føreseieleg. Ei oppfylling av dette området kan gjera at vi får ein terrasse på tvers av landskapet som dermed vil bryte med dei langsgåande landskapstrekka i dalen, ei brå tverrsone som vil vera uheldig visuelt sett når ein møter området frå nord. Den grøne buffersona i planen mellom nye byggjeområde og omgjevnadene verkar for smal til å kunne forme gode overgangar mellom oppfylte flater og omkringliggjande landskap og terreng. Det ligg ikkje føre

illustrasjonsplan for området som gir føringar for utbygginga. Området er kommuneplanavklart, men utnytting av området slik reguleringsplanen er utforma opnar for mogleg konflikt mellom fylling og høge bygg knytt til industri ute i dalrommet som kan gje verditap for landskapet.

Omfang under er vurdert ut frå at tiltaka vert gjennomført som i framlegg til reguleringsplanar og avklaringar i kommunen.

3.4.2 Omfang

For delområde 1-3 er tiltaket vurdert til å få eit **middels positivt omfang**.

For delområde 4 er tiltaket vurdert til å ha eit **lite til middels negativt omfang.**

3.4.3 Konsekvens

Delområde 1-3 har middels verdi, omfanget er middels positivet, og dette gjev samla middels positiv konsekvens (++). For dei delane av områda som i dag er mest omarbeidd, vil den positive konsekvensen vere noko høgare.

Delområde 4 har middels til stor verdi, omfanget er lite til middels negativt, og dette gjev liten til middels negativ konsekvens (- /--).

Dersom det i endeleg plan vert lagt til større areal for GV1 som gir rom for terrengforming og mjuke overgangar, og sikra maksimal byggjehøgde betre forankra i overordna landskapstrekk, kan konsekvensen verte liten negativ (-) for delområde 4.

3.4.4 Konsekvensar i og av anleggsperioden

Handsaming av massar, utforming av fyllingar, avgrensing av anleggsområde og ivaretaking av mest mogleg vegetasjon er avgjerande faktorar for konsekvensane av anlegget. Planen opnar for at dei ulike delområda kan byggjast ut uavhengig av kvarandre, samtidig som det skal utarbeidast felles grøntplan for heile området. Det kan gå lang tid mellom byggjefasane i dei ulike delområda. Dersom arbeidet med vegar og etablering av grøntområda /-strukturen vert etablert først/i første byggjefase slik at hovudforma kjem fort på plass, vil konsekvensane av anleggsperioden vera kortsiktige. I tillegg bør det stillast krav om kvalitet og ferdig utbygd utomhusanlegg samstundes med ferdigstilling av bygg på dei enkelte tomtene i det enkelte delområde.

4 UVISSE OG AVBØTANDE TILTAK

4.1 Uvisse

Det er knytt uvisse til utforming av bygningsmassen og korleis oppfylling er tenkt i delområde 4, her er det ikkje laga illustrasjons- /terrengplan eller snitt. I og med det ikkje er laga ein illustrasjonsplan for dette området er det vanskeleg å uttale seg om konsekvensane for landskap, det er lite å halde seg til i høve kva tiltaket skal vera. Det bør utarbeidast illustrasjonsplan som syner maksimal utnytting og byggjehøgder.

4.2 Avbøtande tiltak og kompenserande tiltak

Vår tilråding er at fylgjande avbøtande tiltak vert samla opp og innarbeidd i plan og føresegner, eventuelt som del av plan for grønt som reguleringsføresegnene stiller krav om.

For området og omgjevnadane er det storleiken på eventuelt bygg på delområde 4 og overgangen mellom bygg, fylling og elvesone som er dei mest konfliktfylte punkta i planområda. Det er vanskeleg å foreslå avbøtande tiltak for høgt møne på opp mot 20 meter. Viktige avbøtande tiltak er både knytt til utforming av bygg gjennom formgjeving, fargebruk, materialbruk mm., og til terrengforming og vegetasjonsbruk internt i området.

Utforming av konstruksjonar og bygg vil også ha stor påverknad på kor godt tiltaket vert tilpassa omgjevnadane. Anlegget (både bygg, konstruksjonar, material utomhus og vegetasjon) bør ha høg kvalitet.

Terrengforming og revegetering av skråning /fylling mot elvesone er viktige verkemiddel i det vidare arbeidet. For fjernverknaden er det overordna landskapsdraget viktig, korleis ein møter Håbakken frå nord og sør samt korleis forholdet til elva vert handtert. God utforming av fyllingar og skjeringar blir spesielt viktig i det langstrakte dal-landskapet. Ei variert form mot elvekant og landbruksareal vil verke positivt i høve rette og monoton skråningar /fyllingar. Med god terrengforming kan sår i landskapet reparerast, og nytt landskap etablerast. Det er viktig at det vert stilt krav om at alt terrengarbeid skal skje innanfor område regulert til næring. Dette er viktig for å kunne ta vare på vegetasjonen i utkanten av det regulerte næringsarealet. I eit landskap som dette vil det generelt vera betre med ei god utforma fylling enn å etablere høge murar. Generelt er dei overordna landskapsformene til ei viss grad viktigare enn vegetasjonen, som ofte vil etablere seg på sikt uansett.

For nærverknaden er materialval og gode kvalitetar på uteromma avgjerande. Etablering av kanalisert elv /bekk som ein del av gangsystemet intert i delområdet 3 kan vera eit tiltak for å auke den estetiske kvaliteten på anlegget.

Som kompenserande tiltak for tap av areal /etablering av til dels høge bygg på delområde 4, bør avslutning av næringsarealet lengst nordvest i delområde 3 (revegarden, BN4 i reguleringsplan) førast tilbake til elvelandskapet. Dette arealet ligg inst på ein tange og dannar ei naturleg overgangssone med skjerming av næringsområda mot Lærdalselvi.

5 KJELDER

5.1 Litteratur

Lærdal kommune, 2016.
Planprogram, reguleringsplan for Håbakken Næringspark.

Arkitektgruppen CUBUS, 2015.
Håbakken mulighetsstudie.

NIJOS-rapport 10/2005.
Nasjonalt referansesystem for landskap. Beskrivelse av Noregs 45 landskapsregioner.

Statens vegvesen, region vest, avdeling Sogn og Fjordane, 2011.
Konsekvensutgreiing, E16 Tønjum – Ljøsne, Delrapport landskap.

Statens vegvesen, 2014.
Konsekvensanalyser, V712 i Statens vegesens håndbokserie.

Miljøverndirektoratet, kart.naturbase.no, viktig naturtype.

5.2 Foto, kart og figurar

Foto i rapporten er tatt av Asplan Viak.

For tilvising til kart og figurar sjå tilvising under kvart kart /figur.